

VERDIG GRAVFERD

INFORMASJONSHEFTE



NOEN DAGER OG ANDRE DAGER

Det finnes dager
som er mistedager,
hvor det vi ikke ville miste
blir mistet allikevel,
forsvinner for oss og går tapt,
selv om vi holdt så hardt fast,
selv om vi passet på så godt som bare det,
selv om vi tviholdt med alle våre krefter,
så blir det borte,
glir ut mellom fingrene våre,
ut av hendene våre, ut av livene våre,
over gjerdet, over elver, over sjøer og hav
og ut og bort og vekk,
og det er ikke noe å gjøre med det,
for borte er borte,
og av og til er borte borte for bestandig,
og sånn er det av og til.
Men den som har mistet,
har også hatt noe som kunne mistes,
noe som var fint og verdifullt
og verdt å holde fast på,
noe som var funnet og grepet tak i og holdt.
For det finnes finnedager også,
dager hvor noe blir funnet,
hvor det som vi ikke visste vi ville finne
kommer til oss og lar seg finne
og blir funnet så godt
at det blir noe vi ikke vil miste, ikke må miste,
for sånn er det av og til.

Gro Dahle

INNHALD



| | |
|---|-----------|
| 1. Før gravferda | 4 |
| Pårørandesamtale | 4 |
| Kven har rett til å syta for gravferda? | 4 |
| Dødsmelding og attest | 4 |
| Å sjå den avdøde | 5 |
| Minnesider | 5 |
| | |
| 2. Val knytt til gravferda | 6 |
| Gravleggingsform | 6 |
| Gravstad | 7 |
| Kister | 7 |
| Dødsannonse | 12 |
| | |
| 3. Seremoni og innhald | 16 |
| Seremoniar | 16 |
| Musikalske innslag | 18 |
| Programhefte | 20 |
| Filming av seremoni | 21 |
| Blomar | 22 |
| | |
| 4. Økonomi og støtteordningar | 36 |
| Kostnad ved gravferd | 36 |
| Betaling av gravferdsutgifter | 38 |
| Stønad frå NAV | 38 |
| | |
| 5. Etter gravferda | 40 |
| Minnealbum | 40 |
| Gravmonument | 40 |
| | |
| 6. Arv og skifte | 44 |
| Slik fungerer arv og skifte | 44 |
| Bistand ved arv og skifte | 45 |

FØR GRAVFERDA

Pårørandesamtale

For å kunna gi dykk best mogleg rettleiing, inviterer me til ein samtale. Denne kan haldast i våre lokale, hos dykk eller digitalt. Vanlegvis varer møtet ein til to timar.

Aktuelle tema i samtalen:

- Juridiske spørsmål (t.d. kven som har rett til å syta for gravferda)
- Personalialia på avdøde og ansvarleg for gravferda
- Henting av avdøde, kiste og klede til avdøde
- Syning eller minnestund
- Gravleggingsform og gravstad
- Seremoni (innhald, stad, tidspunkt, deltakarar, songar, helsingar, minneord, pynt, programhefte, inn-/utbering, film/streaming)
- Døds- og takkeannonsar (utforming, aviser, publisering, minneside)
- Blomar (bestilling, utforming, sløyfetekst)
- Minnealbum
- Økonomi (stønad, prisar, arv/skifte, skjema, gravmonument)

Å sjå den avdøde (syning)

Som ein del av sorgarbeidet, opplever mange etterlatne, også barn, det som viktig og meningsfullt å få sjå den avdøde. Derfor oppmodar me ofte dei næraste til å vurderer dette, men valet er alltid dykkar.

Syninga kan skje heime, i kapell eller andre eigna lokale, og vert gjennomført som ei enkel samling for dei næraste. Det kan òg haldast bæreandakt om de ønskjer det. Gravferdskonsulenten legg til rette med pynt, lys og musikk.

Den avdøde kan som regel synast heilt fram til gravferdsdagen.

Kven har rett til å syta for gravferda?

Det skal alltid vera éin person som formelt tar ansvaret. Gravferdslova gir førsterett, men ikkje plikt, til næraste etterlatne over 18 år – med denne rekkefølga: Ektefelle/ sambuar, barn, foreldre, barnebarn, besteforeldre, søsken, søskena sine barn, foreldra sine søsken.

Om den næraste ikkje vil ha ansvaret, går retten vidare til neste ledd. Dersom fleire like nære ønsker ansvaret, må dei bli samde – elles avgjer kommunen. Om ingen tek ansvar, vert gravferda utført av kommunen. Gravferda bør respektera religionen og livssynet til avdøde og etterkoma ønske frå avdøde og etterlatne – men det er den som har "rett til å syta for gravferda" som får siste ordet.

Dødsmelding og attest

Det som før vart kalla dødsattest finst ikkje lenger. Lege bekreftar no dødsfall med ei digital erklæring til Folkeregisteret og Dødsårsaksregisteret. NAV og Skatteetaten får automatisk melding om dødsfallet.

Næraste pårørende har ansvar for å melde dødsfallet til tingretten. Med fullmakt frå dykk, kan me gjera dette. Når meldinga er motteken, startar tingretten arbeidet med å fastsetta kven som har rett til å skifta (fordela) buet (eigedlane/formuen) til avdøde. I samliv skal berre avdøde sin del fordelast.

Tingretten sender normalt eit brev til kontaktperson med informasjon om skifte og sakshandsamar innan ei veke.

Kontoane til avdøde blir ofte sperra når dødsfallet er meldt. Dersom det skjer, kan banken likevel nytta midlar frå desse kontoane til å betala avdøde sine utgifter (t.d. gravferdsutgifter).

Ved behov kan ein bestilla "stadfestingsattest" frå tingretten. Det kan òg tingast ei noterialbekrefting av denne attesten dersom han skal brukast i utlandet. De har rett til å få kopi av legeerklæringa med medisinske opplysningar frå Folkehelseinstituttet, og me kan hjelpe med dette.

Minneside

Ei minneside på verdiggravferd.no/minne er ein digital gravlund, der familie, vener og kjente kan leggja til helsingar, digitale lys og hjarte. Her kan de òg ha bilde, dødsannonse, informasjon om seremonien, bestilling av blomar og minnegåver, påmelding til seremoni eller minnesamvær, og streaming av seremonien.



VAL KNYTT TIL GRAVFERDA

Gravleggingsform

Orda som vert brukte kan variera, men me nyttar dei slik:

- **Gravferd** – fellesnemning for seremonien, ferda mot grava og sjølve gravlegginga.
- **Gravlegging** – å legga ei kiste eller urne i grava på gravplassen.
- **Begravelse** – seremonien før kista skal gravleggast.
- **Bisetting** – seremonien før kremasjon og påfølgande gravlegging av urne eller oskespreiing.
- **Oskespreiing** – ei gravleggingsform som kan nyttast dersom avdøde ønskte at oska blir spreidd for vinden.

Kiste eller urne skal gravleggjast på offentleg gravplass, unntaket er for oskespreiing. Gravlegging av kiste skal skje seinast 10 yrkedagar etter dødsfallet.

Ved bisetting vert seremonien oftast avslutta ved at gravfølget følger båra til bære bilen, som deretter køyrer til krematoriet. Urna kjem attende etter nokre veker, og kan då settast i urnegrav, familiegrav – eller oska kan spreiest for vinden.

Urnededsetting/oskespreiing må skje innan 6 månader, og det er mogleg å ha ei enkel samling på gravplassen ved urnededsetting.

Kremasjon kan òg skje før seremoni, til dømes ved dødsfall i utlandet.



Gravstad

Den som har ansvar for gravferda må velja gravstad. Avdøde har rett til fri grav i bustadkommunen, på visse vilkår.

Når ein tek i bruk ei ny kistegrav, kan ein reservera plass ved sida av, til dømes for ektefelle. Dette medfører vanlegvis ei avgift. Det kan òg vera mogleg å nytta oppatt eldre graver der fredningstida er over. I ei urnegrav kan det settast ned fire urner, og i jordlaget over ei kistegrav kan det settast ned seks urner.

Ein kan utføra ei symbolsk flytting av ei grav ved å ta jord frå gammal til ny grav og samla namna på eit felles gravminne. Ein kan då velja å gjenbruka det eksisterande gravminnet, eller setta opp eit nytt. Gravminne som ikkje lenger skal brukast vert fjerna.

Oskespreiing krev søknad til Statsforvaltaren, som set visse vilkår for spreiainga. Ein kan søka om oskespreiing mens ein lever, eller den ansvarlege for gravferda kan gjera det dersom to personar er kjent at avdøde ønskte dette.

Ved oskespreiing får ein ikkje namnet sitt på eit gravminne.

Kister

Kister kan vera tidlause, tradisjonelle eller individuelt tilpassa – og de kan velja mellom ulike fargar, handtak og eventuelle eigne tekstar på kista.

Vår lokale kisteprodusent på Os, Sibi, leverer høg kvalitet og strekker seg langt for å imøtekomma dykkar ønske. Kistene er av tre og utforma i båtform – der dei er breiare i hovudenden.

Sjå fullt utval på verdigravferd.no/kister.

Standardkister

Fargar: Kvit, natur eller eikefoliert
Komplett kiste med innvendig beheng/
postring og skjorte inkludert

Tillegg

Lakk i andre fargar: kr 2 600
Hengehandtak i gull/sølv: kr 1 140
10 cm ekstra lengde/breidde: kr 1 103

Ekstra store kister kan lagast etter mål – pris på førespurnad.

Utval av kister



Klassisk kvit kiste
kr 9 753



Enkel kvit kiste
kr 9 517



Moderne rektangulær
Kvitpigmentert, innvendig polstra sider
kr 10 231



Moderne maritim furukiste

Innvendig polstra sider

kr 12 895



Klassisk kvit kiste med hengehandtak i sølv

kr 10 886



Eik foliert

kr 10 742



Natur ubehandla

kr 7 779



Svartlakkert hengehandtak

kr 13 511

ORBIT – den miljøvennlige kista

ORBIT, ofte kalla “papirkista”, kan nyttast både til kistegrav og kremasjon. Ho veg berre 12 kg og krev om lag 80 % mindre tre i produksjonen enn vanlege kister. Materialet kjem frå berekraftig skandinavisk skogbruk og vert produsert i éin operasjon utan tungt maskineri eller metall.

Kista er 100 % brennbar og nedbrytbar – heilt fri for metall, kjemikalier, måling og lakk. CO2-utsleppa vert reduserte med over 94 % samanlikna med tradisjonelle material.

ORBIT har eit elegant, minimalistisk design og innvendig økotex-sertifisert papirtekstil. Ho oppfyller alle krav til miljø, styrke og handtering, og finst i natur, kvit, svart, miks – eller med personleg design.



Kvit - Kr 17 751




Mix- Kr 19 720



Blomemotiv - Kr 28 251



Eige motiv - Kr 29 563
+ Grafisk design, 1 600 pr time



Dødsannonse

Digital dødsannonse på minnesidene våre er gratis.

De kan òg setje inn annonse i dei avisene de ønskjer. Prisen vert rekna etter høgd på annonsen og varierer frå avis til avis. Ei vanleg dødsannonse kostar normalt mellom 2 500 og 4 000 kroner.

Symbol til dødsannonse



Latinkors



Ope kors



Gotisk kors



Hjarte med kors



Tru, håp & kjærleik



Engel



Hjarte med rose



Duer og hjarte



Rose



Hjarte



Anker



Anker med fuglar



Islamsk halv-måne



Davdstjerne



Hindu



Buddhist



Human-Etisk Forbund



Livssirkel



Ørn



Fiskar



Sol, tre og duer



Fuglar i solnedgang



Fugl i solnedgang



Due med kvist



Hammar og sag



Trekkspel



Laks



Lastebil



Fotball



Bamse

Eksempel dødsannonse



*Min gode mann og beste venn,
vår umistelige pappa,
svigerfar, morfar, Besten,
oldefar, bror, svoger og onkel*

Hjalmar Pedersen

f. 6. mai 1936

døde stille med sine
kjæreste rundt seg
Stord sjukehus / Fitjar
25. mai 2013

Helene
Cathrine og Gunnar
Ane
Marthe og Svein Erik
Ada og Jonas

barnebarn og oldebarn
øvrige familie

*Du sovnet så stille
da reisen var slutt,
fra alt som deg plaget,
nå hviler du ut.*

*Vi unner deg hvilen,
men savner deg så.
Takk for all kjærlighet
du lot oss få.*

Begraves fra Fitjar kyrkje
fredag 2. juni kl. 10.30.
Alle som ønsker å følge pappa
til graven er velkommen.
Minnehøytiden avsluttes
ved graven.
verdigravferd.no



*Min store kjærlighet,
vår høgt elska mamma,
svigermor, gode dotter,
svigerinne, tante og ven*

Emma Berge

f. 10. januar 1978

Vart brått riven frå oss
Stord sjukehus/Leirvik
12. januar 2017

Olav

Anna og Gunnar
Espen og Sandra

Jostein og Anne

familie og gode vener

*Det kom ein dag ein stille vind,
den strauk så vart ditt trøytt
kinn. Lik eit ljøs som vert blese
ut, din arbeidsdag er no slutt.*

Bisetting frå Stord kyrkje
tysdag 17. november kl.10.30.

Minneside er oppretta på
verdigravferd.no/minne



*Vår gode og omsorgsfulle
pappa og svigerfar, snille
besse, gode bror, svoger og
onkel*

Gisle Fagerlund

f. 3. desember 1952

Sovna stilt og fredfullt inn
BBH/Bremnes 14. januar 2017

Gunnar - Kari †
Ingebjørg - Per
Andreas - Hilde

Ida, Jonas og Elias
familie og gode vener

*Stilt susar trea rundt heimen
du elska. Farvel nikkar
blomane du stelte der fint.
Takk kvittrar fuglane du
helsa kvar morgon.
Stilt kviskrar vinden -
"Kvil i fred!"*

Gravferd frå Bremnes Kyrkje
tysdag 22 januar kl. 13.00
Like kjært som blomar er ei
minnegave til BBH
Vipps 54321.
Seremonien kan fylgjast på
minnesida til Gisle.
verdigravferd.no/minne

Eksempel takkeannonse



Hjarteleg takk

for all omsorg, helsingar, blomar og deltaking ved vår
kjære **Emma Berge** sin bortgang. Ei stor takk til Stord
sjukehus for god omsorg og pleie.
Takk også til ...

Familien

Forslag til vers i dødsannonse

1

Alltid andres ve og vel.
Aldri sparte du deg selv.
En inderlig takk fra dine kjære.
Din godhet og omsorg
vi i minnet vil bære.

2

Alltid kjærleg, god og snill,
aldri me deg gløyma vil

3

Alt av nåde

4

Borte for alltid,
men likevel nær,
du var for oss alle
så inderlig kjær.

5

Det led mot aften,
din sol gikk ned.
Din smerte stilnet,
og du fikk fred.

6

Godt å få kvila
når kreftene sviktar,
trøytt etter åra
med arbeid og slit.
Trygt i den evige
kvila få sova,
ha takk frå oss alle
og kvil no i fred.

7

Ditt hjarte som slo så
varmt for oss alle,
og auge som lyste og
strålte så mjukt,
har stansa og slokna
til sorg for oss heime.
Men den du var,
og alt du gjorde,
det vil me aldri gløyme.

8

Du var så full av godhet
som du oss alle gav.
Så meningsløst for tidlig
du borte for oss var.

9

Din godhet og varme vil
aldri bli glemt, innerst
i hjertet har vi deg gjemt.

10

Du gikk fra oss så alt for fort,
følte ennå du hadde så mye
ugjort.

11

Du var så vond å miste.
Du var så god å ha.
Men alle gode minner,
Kan ingen fra oss ta.

12

Du kjempet så tappert
sykdom til tross.
Du gav aldri opp håpet
du trøstet oss.

13

Du sovna så stilt
då reisa var slutt.
Frå alt som deg plaga,
no kviler du ut.

14

Du ønsket så gjerne å flytte.
Endelig fikk du bud.
De jordiske klær fikk du bytte.
Nå er du hjemme hos Gud.

15

En liten engel til oss kom,
hilste blott og vendte om.
Minnet om den du var,
er en skatt vi alltid har.

16

En liten engel til oss kom,
smilte blidt og vendte om.

17

Et strevsomt liv har ebbet ut,
en flittig hånd er dovnet
Din arbeidsdag har nu tatt slutt,
ditt gode hjerte sovnet

18

Frå livet til døden er vegen så
kort, vi kan ikkje fatte at du er
gått bort.

19

Gjennom sorgens tåke skinner
en vakker krans av gode minner

20

Hjertet som banket for andre,
for alltid har stilnet av.
To flittige hender er foldet
som aldri tok, men gav.

21

Kva du lei, det ingen kjenner,
stilt du sjølv smerta bar,
smilte godt blant dine venner,
takk for alt du for oss var.

22

Hvil i fred

23

I vårt hjerte, i vårt sinn,
Er du for alltid lukket inn.

24

Kjære er minnene

25

Så meningsløst for tidlig
du borte for oss var.

26

La ankret falle!
Jeg er i havn
i ly for brenningens vover!
Jeg kaster meg
i min Frelzers favn,
han som har hjulpet meg over.
Og kjente,
elskede stemmer kaller,
mens ankret sakte
og stille faller
i evighetens lyse land.

27

Nå er du borte,
og din plass er tom.
Du har alltid vært
tilstede for oss
og fylt våre liv
med glede og latter.
Du lever videre i våre hjerter.

28

Salig er den
som når alt farer hen,
har Jesus og himmelen igjen!

29

Stille du led, hvil nå i fred.

30

Stille kom døden,
den kom som en venn.
Tok deg/mor/far ved hånden
og førte deg/henne/han hjem.

31

Stille, så stille du sovnet,
Tålmodig din smerte du bar.
Dine flittige hender har dovet.
I minnet vi alltid deg har.

32

Så let me deg i hjarta inn
og gøymer deg innerst inne.
Der skal du fredfullt bu
i våre sinn,
som eit kjært
og dyrebart minne.

33

Så vart det kveld
og sola gjekk ned,
ditt hjarta stilna
og du fekk fred.

34

Sårt vert du sakna.

35

Takk for alt.

36

Takk for alle gode minne.

37

Takk for smil og gode minner.
Vi vil savne deg.

38

Vi lukker deg i våre hjerter inn,
og gjemmer deg innerst inne.
Der skal du
for alltid bo i våre sinn,
som et kjært og dyrebart
minne.

39

I sorgens stund
ei trøyst me har.
Du var på forhånd reiseklar.
Du var beredt, du seier vann.
Og kvile du hos Jesus fann.

40

Å leve er å samle opp
perler på en tråd.
En for de lyse minner,
en annen for de grå.
Hver enkelt har sitt perlebånd
med dyrebare minner.
For minner lever evig
Selv om livet selv forsvinner.

41

Stilt susar trea
rundt heimen du elska.
Farvel nikkar blomane
du stelte der fint.
Takk kvittrar fuglane
du helsa kvar morgon.
Stilt kviskrar vinden:
«Kvil i fred!»

42

Ingen er med oss for alltid,
tida -ho svinn så fort.
Men minna får me
behalde til trøyst
når saknet er stort.

43

Så kom dagen og siste timen.
Livets veg til endes var.
Takk for år og alle stunder,
takk for alt du for oss var.

44

Det kom ein dag ein stille vind,
han strauk så vart ditt
trøytte kinn.
Lik eit ljøs som sloknar ut,
din arbeidsdag har no tatt slutt.

SEREMONI OG INNHALD

Seremoniar

Tradisjonelt vert gravferder oftast gjennomførte frå kyrkje eller kapell, men andre stader kan veljast så lenge verdigheita til avdøde og praktiske omsyn blir ivarettatte. Det er opp til den som syter for gravferda å avgjera dette, men ønska og livssynet til avdøde skal respekterast.

Gravferd kan òg gjennomførast utan seremoni, eller «i stillheit» – der dødsfallet først vert annonsert etter seremonien, eller ikkje i det heile.



Seremoniar kan vera i regi av ulike trussamfunn, eller de kan velja ein personleg seremoni der de som etterlatne står fritt til å utforma innhald og leiing. Seremonien kan ha både religiøse og ikkje-religiøse innslag. Me kan hjelpa med å finna eigna lokale, muskar og ekstern gravferdstalar, eller me kan leia seiermonien for dykk.

Kyrkjeleg seremoni

I Den norske kyrkja følgjer seremonien ein fast liturgi, men det er rom for personleg preg gjennom songar, solosong, musikkinnslag, minneord, pynt m.m. Ordninga kan òg nyttast som inspirasjon ved livssynsopne seremonier.



Ordning for gravferd frå kyrkje eller krematorium

Ordninga som er opplista her vert nytta i Den norske kyrkja. Andre trusamfunn har sine egne ordningar, men dei fleste liknar på denne. Den kan også nyttast som utgangspunkt for planlegging av livssynsopen seremoni.

Det er mogleg å spela instrumentell musikk frå orgelet 15 min før start.

Sermoni i kyrkje eller kapell

1. Klokking.
2. Preludium: Instrumental eller solosong
3. Fyrste felles salme
4. Inngangsord
5. Inngangsbøn
6. Minneord (familiens del)
 - Lesing av minnordet av representant frå familien, byrået, eller prest
 - Kransepålegging
 - Avspelt musikk
 - Lystenning o.a.
7. Salme eller musikkinnslag
8. Skriftlesning
9. Salme (dersom 7 er salme kan 9 gå ut)
10. Tale
11. Bøn
12. I dine hender
13. Herrens bøn
14. Salme
 - Før postludium kan det framførast musikkinnslag
15. Postludium (kista vert boren ut)

Ved grava

16. Salme
17. Skriftlesing
18. Bøn
19. Nedsetjing
20. Jordpåkasting
21. Skriftord og velsiging
22. Salme

Bisetjing

- Ved bisetjing vert ikkje ledd 14–19 brukt.
- Seremonien avsluttast med jordpåkasting i kyrkja/kapellet.

Etter Herrens bøn (punkt 13)

22. Jordpåkasting (inne i kyrkja/kapellet)
23. Skriftord og velsiging
24. Salme
25. Postludium (kista vert boren ut/senka)

Musikalske innslag

Forslag til salmar

- Alltid freidig når du går
- Blott en dag
- Da Jesus satte sjelen fri
- Den dag du gav oss
- Den fyrste song
- Det hev ei rose sprunge
- Det er makt i de foldede hender
- Deg å få skode
- Deilig er jorden
- Dype stille, sterke milde
- Eg er ein gjest i verda
- Eg veit i himmelrik ei borg
- Ein fin liten blome
- Fagert er landet
- Guds kjærliet er som starnda og som havet
- Gje meg handa di, ven.
- Han tek ikkje glansen av livet
- Hvilken venn
- Han er oppstanden, halleluja
- Ikke en spurv til jorden
- Ingen er så trygg i fare
- Jesus er kongen min
- Jeg er en seiler på livets hav
- Jeg går til himlen, der er mitt hjem
- Jesus det eneste
- Jeg har en engel
- Kjærlighet fra Gud
- Klippe, du som brast for meg
- Lei, milde ljøs
- Lov Jesu navn og herredom
- Lær meg å kjenne dine veier
- Løftene kan ikkje svikte
- Med Jesus vil eg fara
- Mitt hjerte alltid vanker
- Navnet Jesus
- No livnar det i lunder
- Nærmere deg min Gud
- O bli hos meg
- Ren og rettferdig
- Som en herlig Guddomskilde
- Salige visshet
- Send bud på han
- Skriv deg Jesus på mitt hjerte
- Store Gud, vi lover deg
- Tenk når ein gong
- Velt alle dine veier
- Vær meg nær o Gud
- Å, tenk når engang samles skal
- Å leva det er å elska
- Å salige stund

Forslag til instrumentalmusikk

- Adagio Albinoni
- Air fra Orkestersonate i D av J S Bach
- Air fra Holberg-suiten av Grieg
- Amazing grace
- Ave Maria - Bach / Gounod
- Ave Maria - Schubert
- Den hellige stad
- Ved Rondane - Grieg
- Våren - Grieg
- We'll meet again
- Gabriel's Oboe
- Gamal fabodsalm frå Dalorna
- You raise me up
- Ut mot havet
- Pie Jesu - Faurè
- Pie Jesu - Lloyd Webber
- You'll never walk alone
- Angel - Sarah McLachlan
- Time to say goodbye
- The Sally Gardens (Gje meg handa di ven)
- Svanen - Saint-Saëns

Forslag til solosong

- Alt eg såg
- Amazing grace
- Den hellige stad
- Deg være ære
- Det fine vi hadd saman
- Den finaste eg veit
- Draumespor
- Eg ser
- Ein farfar i livet
- Gje meg handa di ven
- Gabriellas sang
- Himlen i min favn
- Har du fyr
- Himmelhøge sti
- Hjemme i himlen
- Herligste navn
- I himmelen, i himmelen
- Ja engang mine øyne skal
- Jeg vet meg en søvn
- Jag har hørt om en stad
- Kjære Gud når jeg ber
- Krist stod opp av døde
- Men går jag over engorna
- Når mitt øye trett av møye
- O helga natt
- O bli hos meg
- Påskemorgen slukker sorgen
- Rop det ut
- Ro meg over
- Som den gylne sol frembryter
- Tenk når jeg min frelser skuer
- Tears in heaven
- Time to say goodbye
- Tirna`no ir
- Vi vandrar saman
- You`ll never walk alone
- Öppna landskap
- Jeg glemmer deg aldri

Forslag til salmar ved jordpåkasting

- Så ta da mine hender
- Fager kveldsol smiler
- Tenk når engang samles skal
- Deg være ære
- Alltid freidig når jeg går
- Å leva, det er å elska
- Salige visshet, Jesus er min!
- Skal vi møtast etter ferda

Ved barnegravferd

- Ikke en spurv
- Ingen er så trygg i fare
- Kjære Gud, jeg har det godt
- Jeg folder mine hender små
- Jesus er kongen min


Programhefte

Dersom de ønskjer, kan me laga programhefte til seremonien. Hefta inneheld vanlegvis seremoniprogrammet, informasjon om musikarar og forrettar/gravferdstalar, samt songane som skal syngjast.


De står fritt til å setja eit personleg preg gjennom egne bilete, papirval og format. Prisen inkluderer alltid fargestrykk på papir av høg kvalitet. Verdig Gravferd har eige trykkeri, noko som gjev stor fleksibilitet utan faste malar eller bestillingsfristar.

- Grunnpakke (grafisk oppsett, prøvetrykk og 50 programark): kr 2 508
- Ekstra hefte: kr 8,9 pr. stk.
- Bildebehandling/tilpassa oppsett: kr 954 pr. time


Eksempel




Framsida



Innsida



Framsida



Innsida

Filming av seremoni

Me kan filma og eventuelt strøyma seremonien, anten til utvalde personar eller på minnesida. Dette er nyttig dersom nokon ikkje kan møta, eller om de ønskjer optak til seinare.

Me kan òg tilby meir omfattande løysingar, som helsingar på video, bruk av fleire kamera, grafikk og bildeframsyrningar. Lyd vert henta frå anlegget i seremonirommet eller eigne mikrofonar. Me kan òg setja opp visning i andre lokale. Opne visningar krev samtykke frå dei som vert filma.



Blomar

Som pårørende står de fritt til å bestille blomar direkte frå blomebutikk, eller la oss ordne dette for dykk. Fargane de vel til kistedekorasjonen kan gjerne nyttast som tema for heile seremonien.

Dersom de ønskjer å delta i pyntinga av seremonirommet eller innberinga av båra, er de hjarteleg velkomne til det. Om ikkje, sørgjer me for at rommet er pynta og båra på plass 45 minutt før seremonien startar.

På minnesidene til avlidne kan det opnast for bestilling av blomar til både seremoni og heim. Blomebestillingar i «seremonien sine fargar» vil harmonera med vala til næraste familie. Kondolansehelsingar på blomesløyfer bestilt på nett, vert viste på minnesida til avdøde.

Kistedekorasjon



Prisar, kistedekorasjon

Vegledande pris med sløyfe og kort:

| | |
|---------|----------|
| Liten | kr 3 622 |
| Middels | kr 4 672 |
| Stor | kr 5 722 |

Alle dekorasjonane kan leverast i fargar og storleik etter eige ønske

Val av leverandør, fargeval, blomeval og storleikkan endra prisen



2



3



4



5



6



7



8



9



10



11

Val av blomar og fargetema gir moglegheit for eit personleg preg på ei vakker avskjedsstund.

Våre blomeleverandørar er fagfolk og kunstnarar som set sitt preg på seremonien.



12



13



14



Forslag til sløyfetekstar

- Alltid kjærlig god og snill, aldri deg vi glemme vil
- Den som er elsket blir aldri borte
- Du glemmes ei
- Elsket og savnet. Hvil i fred.
- En kjærlig hilsen
- En siste kjærlig hilsen
- Et kjærlig farvel
- Fra ditt liv så lett vi finner, gode, rike, vakre minner
- Fred
- Fred i Jesu navn
- Fred med ditt minne
- Fred over minnet
- Guds fred
- Hvil i fred
- Høyt elsket – dypt savnet
- I evig takknemlighet
- Kjære er minnene
- Kjært er minnet
- Med kjærlighet (og takk for alt du var for oss)
- Minnene lever
- Minnes i kjærlighet
- På gjensyn
- Salig er de døde som dør i Herren
- Siste hilsen
- Sov godt kjære...
- Takk
- Takk for all glede
- Takk for all godhet
- Takk for alle gode stunder og lyse minner som vi har
- Takk for all din kjærlighet og glede
- Takk for alt
- Takk for alt du var/har vært for oss
- Takk for gode minner kjære...
- Takk for all varme og smil du gav oss
- Takk kjære... for alt du har vært for oss
- Takk og farvel
- Velsignet være ditt minne
- Verdens beste bestemor/bestefar/ mamma/pappa
- Vi glemmer deg aldri
- Vi møtes igjen
- Vi var så glad i deg (og savner deg)





Kransar



Prisar, krans

32 cm kr 1 260

45 cm kr 2 310

60 cm kr 2 940

75 cm kr 3 570

Pris inkluderer sløyfe og kort

Alle dekorasjonane kan leverast
i fargar og storleik etter eige ønske

*Val av leverandør, fargeval, blomeval og
storleik kan endra prisen*





Hjarte



Prisar, hjarte

Eit dekorert hjarte eller pute kan ofte verta gitt av born eller barnebarn.

Rettleiande pris med sløyfe og kort:

| | |
|------------|----------|
| 40 cm | kr 2 415 |
| 48cm | kr 3 150 |
| 60 cm | kr 3 990 |
| Asymetrisk | kr 5 250 |

Alle dekorasjonane kan leverast i fargar og storleik etter eige ønske

Prisane er rettleiande. Val av leverandør, fargar, blomar og storleik kan endra prisen





29



30



31



32

Andre blomprodukt



33

Andre blomprodukt

| | |
|----------------|-------------|
| Bårebukett | 680 - 900 |
| Båredekorasjon | 950 - 1 250 |
| Anker | 2 300 |
| Kors | 2 300 |
| Urnedekorasjon | 2 300 |
| Kort | 32 |
| Sløyfebånd | 185 |

Alle dekorasjonane kan leverast
i fargar og storleik etter eige ønske

*Prisane er rettleiande. Val av leverandør, fargar,
blomar og storleik kan endra prisen*



34



35



36



37

ØKONOMI OG STØTTEORDNINGAR

Kostnader ved gravferd

Me ønsker at de skal kunna setta personleg preg på avskjeden, samtidig som rammene er føreseielege. Når me veit korleis gravferda skal gjennomførast, får de eit prisoverslag med eksakte kostnader.

Me har tre grunnprisar som viser kostnader for varer og tenester i ulike gravferder. Sjå neste side.



Tradisjonell gravferd kr 42 144*

Sett saman slik dei fleste gravferdene vert gjennomførte. 150 deltakarar.

- Klassisk kvit kiste (std størrelse, inkl. skjorte)
- Planleggingssamtale på kontor (kl. 09–16)
- Byråhonorar
- Henting og transport av avdøde (innan nemnde kommunar / til krematorium*)
- Stell og nedlegging i kiste
- Assistanse i seremoni og leige av utstyr
- 150 programhefte og bilete i ramme
- Minnebok med blomar og helsingar
- Ventemerke på gravstad
- Utfylling og innsending av nødvendige skjema
- Minneside med digital dødsannonse

Enkel gravferd kr 34 904*

Ei rimeleg løysing med enkel seremoni og kostnadsbesparande val: 50 deltakarar.

- Enkel naturkiste (std størrelse, inkl. skjorte)
- Planleggingssamtale på kontor (kl. 09–16)
- Byråhonorar
- Henting og transport av avdøde (innan nemnde kommunar / til krematorium*)
- Stell og nedlegging i kiste
- Assistanse i seremoni og leige av enkelt utstyr
- 50 trykte programhefte og bilete i ramme
- Ventemerke på gravstad
- Utfylling og innsending av nødvendige skjema
- Minneside med digital dødsannonse

Uten seremoni kr 22 309*

Bistand ved dødsfall uten seremoni:

- Kiste valgt av byrået (standard størrelse)
- Henting og transport av avdøde (innan nemnde kommunar / til krematorium*)
- Planleggingssamtale på kontor eller telefon (kl. 09–16)
- Byråhonorar
- Stell og nedlegging i kiste
- Utfylling og innsending av nødvendige skjema

**I priseksempelet er det tatt høgde for at det er grunnlag for båretransportstønad frå NAV. Les meir om slik stønad på side 38. Det er eigeandelen der som er inkludert i denne prisen. Dersom det ikkje er grunnlag for slik stønad vil prisen auka, ofte mellom 2000-7000kr.*

Prisane gjeld i kommunane Verdig gravferd har kontor, egne prisar kan gjelda for oppdrag i andre kommunar.

I tillegg kan følgjande kostnader koma:

- Dødsannonse i avis (sjå side 12)
- Blomar (sjå side 22)
- Assistanse ved syning/minnestund (kr 954/time, tillegg kveld og helg)
- Honorar til solist/musikar (vanlegvis 3 000–5 500)
- Filming av gravferda
- Offentlege avgifter, t.d. kremasjonsavgift
- Leige av seremonilokale, musikar, talar eller teknisk utstyr
- Gravminne

Betaling av gravferdsutgifter

Den som har ansvar for gravferda må også sørge for betaling av utgiftene. Faktura vert vanlegvis sendt ut nokre dagar etter gravferda, med 10 dagars forfall. Andre betalingsvilkår kan avtalast.

Dersom det er uklart om avdøde har midlar til å dekke utgiftene, kan arving få formuesfullmakt frå tingretten for innsyn i bankkontoar o.l. Verdig gravferd kan bestilla dette, eller bestilla siste skattemelding frå Skatteetaten (ektefelle kan sjølv laste ned på nett).

Bankkontoar vert ofte sperra for andre ved dødsfall, men rekningar i avdøde sitt namn og gravferdsutgifter kan ofte likevel betalast frå kontoen. Nødvendige gravferdsutgifter skal dekkast før anna gjeld.

Stønad frå NAV

Transportstønad:

Ved transport over 20 km frå dødsstad til gravstad, eller om dødsstaden ligg meir enn 20 km frå næraste byrå, kan me søka NAV om båretransportstønad for dykk. Ein eigenandel på kr 3090 dekker då alle transportkostnader.

Gravferdsstønad:

Dersom avdøde ikkje har formue til å dekke gravferda, kan NAV gi behovsprøvd stønad på inntil kr 30 898. For barn under 18 år vert stønaden alltid innvilga. Siste tilgjengelege skattemelding blir lagt til grunn for utrekning av stønaden. Gravferdsbyrået kan, med fullmakt, henta meldinga frå Skatteetaten om ho ikkje er tilgjengeleg.

Utrekning:

Stønaden vert redusert etter formue, forsikring og pensjon:

Dømer

Einsleg:

30 898 Gravferdsstønad
– 1 000 Nettoformue
– 2 500 Tenestepensjon (månad etter dødsfall)
– 1 700 Gravferdskasse
= 25 698 til utbetaling

Ektefelle/sambuar:

61 796 Gravferdsstønad
(2 x maksbeløp)
– 30 000 Samla finansformue
– 2 500 Tenestepensjon
(månad etter dødsfall)
– 1 700 Gravferdskasse
= 27 569 til utbetaling (maks kr 30 898)



ETTER GRAVFERDA

Minnealbum

Eit minnealbum gjer det mogleg å ta vare på dei mange inntrykka frå seremonien. For pårørande kan dagen vere både tung og slitsam, og detaljar som helsingar og kven som gav blomar, blir ofte gløynde.

Me fotograferer alle blomar og helsingar, og set dette saman til eit minnealbum. Her kan òg dødsannonse, programhefte og andre element leggjast inn, slik at de får ei heilskapleg ramme rundt seremonien.

Eitt trykt album er inkludert i grunnprisen "tradisjonell gravferd" (kr 1 300,-). Dersom de ønskjer fleire, kan desse bestillast i etterkant for kr 500,- per stk.

Gravmonument

Vår leverandør Eide Stein er den største bedrifta i Noreg innan tilverking av stein. Deira lange erfaring i steinfaget gir oss fagleg tryggleik.

På dei fleste gravplassar må ein venta noko tid etter gravlegging før montering av gravminne.


Vanleg ventetid er fire til seks månader, medan sjølve leveringstida normalt er om lag fire veker.

Om de ønskjer det, kan me hjelpa med utforming, bestilling og montering av gravmonument. Ved personleg rettleiing syter me for at steinen vert utforma nøyaktig slik de ønskjer. På nettsida vår finn de eit breitt utval frå Eide Stein. Har de sett eit gravminne de likar på ein gravplass eller hos ein annan leverandør, tar me gjerne utfordringa med å levera tilsvarende stein – og me matchar prisen. Dersom de ønskjer noko heilt unikt, kan me òg utarbeida teikningar og forslag til ei løysing tilpassa dykkar ønskje.

Transport og montering er alltid inkludert i prisen. Me tilbyr òg tenester som namnetilføyning, oppussing, beplanting/ stellavtalar og oppretting av eksisterande gravminne.



Eksempel gravsteinar



Skriftplater

Skriftplater kan vera eit godt alternativ for å prege fleire navn på ein gravstein. Dette kan til dømes vera aktuelt om urna etter avdøde skal setjast ned i jordlaget over ei eksisterande grav, eller ved symbolske flyttingar. Skriftplatene vert laga i ulike materialar, men det vanlegaste er støypte bronseplater.



Bronsedekor

Me har bronseprodukt frå PILLA på lager. Desse er av høg kvalitet, tåler vestlandsvêret godt, og held seg like fine i mange år.



Bedinnramming

Bedet framfor gravminnet kan rammes inn med eit enkelt rammesett, eller med bedplater i ulike utformingar.





ARV OG SKIFTE

Slik fungerer arv og skifte

Eigedelar og gjeld etter ein avdød vert kalla dødsbu. Fordelinga av dødsbuet heiter skifte. Korleis buet skal fordelast, vert avgjort av arvelova, eventuelt testamente og slektskap.


Arvingane må ta stilling til om dei vil overta gjeldsansvaret, kva skifteform som skal nyttast, og kven som skal fordele arva. Skifte kan gjerast på to måtar:

- **Privat skifte** – Arvingane fordeler sjølve, eventuelt med hjelp frå andre.
- **Offentleg skifte** – Tingretten fordeler arva. Dette medfører kostnader i form av rettsgebyr og honorar til bubestyrar (advokat). Den som ber om offentlig skifte, er ansvarleg for kostnadane dersom buet ikkje dekkjer dei.

Gjenlevande ektefelle – og i nokre tilfelle sambuar – kan ha rett til å sitte i uskifte. Då vert skiftet utsett til eit seinare tidspunkt, til dømes når gjenlevande ektefelle døyr eller inngår nytt samliv. Uskifte er likevel ikkje alltid den mest tenlege løysinga.

Dersom testamente er deponert hos tingretten, vil arvingane som er tilgodesett få kopi når dødsmeldinga er registrert. Når skifteform er valt, og alle dokument er sendt inn, utferdar tingretten ein skifteattest eller uskifteattest. Dette dokumentet gir tilgang til kontoar og høve til å selja eller overdra eigedom og eigedelar.





Bistand ved arv og skifte

Me kan gje dykk innleiande informasjon om dei ulike skifteformene, men sjølv rådgjeving om arv og skifte ligg utanfor vårt fagområde.

Alle våre kundar får tilbod om ei gratis, digital informasjonssamling med advokat frå Advokatfirmaet Responsa AS.. Der får de grunnleggande kunnskap om arv og skifte frå ein av distriktet sine leiande fagpersonar innan arverett. Møtet varer om lag 15 minutt og kan gjennomførast heime på eigen PC/nettbrett, eller i våre lokale dersom de ønskjer det.

Advokatar er underlagde strenge krav til uavhengigheit. Dersom de ønskjer vidare rådgjeving, må de registrerast hjå advokaten slik at eventuelle interessekonfliktar kan avklarast. Me kan hjelpe dykk med registreringa og med å kartleggje kva informasjon som bør vere klar før møtet. Om nødvendig kan me òg innhente skattemeldingar og annan dokumentasjon.



Vårt oppdrag er å hjelpe deg med å ta avskjed på ein verdig og personleg måte. Med erfaring, omsorg og tryggleik, tar me hand om det praktiske og formelle – slik at du og dine kan fokusera på sorga og minna.

Hos oss får de personleg innverknad på korleis minnet etter dykkar kjære skal heidrast, enten de vel å ta avskjed i stillheit eller har ein stor seremoni.

Me legg til rette seremoniar for alle religionar og livssyn, i tråd med ønska til den avdøde og de som pårørande. Me er til stades i heile Sunnhordland – med samtalerom både i Stord, Fitjar og Bømlo – og har god kjennskap til tradisjonane, verdiane og behova i regionen vår.

Ståle, Thomas og Helge

Me er her for dykk
- før, under og i tida etter gravferda.



Helge Mæland
Gravferdskonsulent/
Dagleg leiar

969 23 240

helge@verdigggravferd.no



Ståle Mæland
Gravferdskonsulent

969 08 140

stale@verdigggravferd.no



Thomas Rudi Sporsheim
Gravferdskonsulent

906 52 282

thomas@verdigggravferd.no

VERDIG  GRAVFERD

VAKTTELEFON: 91 80 00 40

post@verdigggravferd.no

verdigggravferd.no

Stord

Sæ 18
5417 Stord

Bømlo

Svortlandsvegen 15
5430 Bremnes.

Fitjar

Fitjarsjøen 19
5419 Fitjar